



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

HORDALAND FYLKESKOMMUNE	
Saknr. 201203823	ok.nr. 4
15 JAN 2013	
Arkivnr. 545	Utsk.
Eksp.	
U.off.	

Dykkar ref

Vår ref

Dato

201203823-3/545/OYDRYD

12/5907-

08.01.13

Godkjenning av praksisopphald i Tanzania for støtte frå Lånekassen

Vi viser til brev frå Hordaland fylkeskommune av 29. november 2012.

Brevet gjeld etter det departementet kan forstå ein søknad om endring i opplegget med kortare studieopphald i Zanzibar, Tanzania, for lærlingar i helsearbeidarfaget ved Lønborg videregående skole. Dette opplegget vart godkjend for utdanningsstøtte av departementet i brev av 24. september 2010. Fylkeskommunen søker no om at det i tillegg til elevane frå helsearbeidarfaget også kan bli gitt støtte til elevar frå barne- og ungdomsarbeidarfaget under det same opplegget og med det same elevtalet som før.


Kunnskapsdepartementet godkjenner med dette at eit avgrensa tal elevar i barne- og ungdomsarbeidarfaget ved Lønborg videregående skole får utdanningsstøtte til kortare studieopphald i Tanzania frå og med skuleåret 2013-2014. Det er ei føresetnad for vedtaket at opplegget elles er det same som departementet godkjende for støtte i 2010.

Heimel for vedtaket finst i § 35-7 bokstav c i forskrift om tildeling av utdanningsstøtte for 2012-2013. Denne heimelen er foreslått endra for 2013-2014, i samband med at departementet har utarbeidd forslag til nye vilkår for godkjenning for utdanningsstøtte for kortare studieopphald i utlandet i vidaregåande opplæring. Desse vilkåra er for tida på høyring, og vil bli fastsett i løpet av våren 2013.

Departementet gjer difor merksam på at vilkåra for vidare godkjenning vil bli endra etter ein overgangsperiode.

Med helsing


for Lars Petter Flåtten (e.f.)
avdelingsdirektør


Torill M. Måseide
seniorrådgjevar